



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Sundag 3. oktober 2021 kl. 11:00
Stad:	Lier
Tilstades:	Erik Bloch, Marius Johannessen, Harald-Andreas Hansen (vara), Øyvind Gulliksen, Magnus M. Aronsen (Vara), Sigbjørn tveit (vara)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre:	
Forfall:	Solveig Lanes, Karl Andreas Karlsen
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 16/2021	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 17/2021	Godkjenning av referat frå styremøte 23. mars. 2021
RK-sak 18/2021	Statusrapport
RK-sak 19/2021	Økonomirapport
RK-sak 20/2021	Gjennomgong av spørjeundersøking til gruppeleiarar
RK-sak 21/2021	Ny straumavtale på Lier

Eventuelt

RK-sak 16/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste

Økonomirapport mangla i innkallinga, men vart ettersendt.

VEDTAK: Innkalling og sakliste vert godkjent.

RK-sak 17/2021: Godkjenning av referat frå styremøte 23. mars 2021

Ingen merknader til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 21. januar 2021 vert godkjent.

RK-sak 18/2021: Statusrapport

Det vart arrangert peffkurs 1 24.-26 september, på Lier.

Det var 16 deltakarar frå fire grupper.

VEDTAK: Kretsstyret tek statusrapporten til orientering.

RK-sak 19/2021: Økonomirapport

Ingen merknadar til økonomirapporten

VEDTAK: Økonomirapporten vert godkjent.

RK-sak 20/2021: Gjennomgang av spørjeundersøking til gruppeleiarar

I vår sendte kretsstyret ut ei spørjeundersøking til leiarane i kretsen. Her vart det stilt spørsmål om t.d. arbeidet kretsstyret gjer, samarbeid mellom gruppene, arrangementa i kretsen, bruk av leiområdet på Lier o.l.

Kretsstyret gjekk gjennom svara som har kome inn, og kom fram til desse tiltaka for å imøtekome tilbakemeldingane kretsen har fått:

- Lage ei facebookgruppe for leiarar i Ryvarden. For betre samarbeid og samhold i gruppene. Og spre informasjon.
- Halde fram med å vere aktiv på facebook
- Lage ei e-postliste, der dei som vil kan få informasjon som vert sendt ut frå kretsen
- Kretsstyret drøfta å kjøpe inn kanoar for å ha på Lier, for å gjere leirplassen meir attraktiv. Dette kan me eventuelt søkje om pengar til frå SR- bank, sparebanken vest o.l. Hildegunn sjekkar opp pris, og tek med på neste kretsstyremøte. Forslaget må eventuelt takast opp som ei sak på neste kretsting.
- Alle grupper får ein kontaktperson i kretsstyret. Denne personen har ansvar for å følgje opp gruppene, hjelpe dei med ting dei lurar på og eventuelt kome på besøk.

Erik: 1.Leirvik, Meling, Folderøy

Harald- Andreas: Kopervik, Skår

Karl Andreas: 1.vedavågen, Straumen

Magnus: Førde, Haugesund gruppene

Sigbjørn: Bua, Haugesund gruppene

Marius: Åkra

Øyvind: 1.Skudnes

Hildegunn: Skånevik, Rosendal

VEDTAK: Kretsstyret tek tilbakemeldingane til orientering, og sett i gong dei nye tiltaka i samarbeid med kretssekretær.

RK-sak 21/2021: Ny straumavtale på Lier

Kretsen har fått tilbod om ein ny straumavtale frå Fjordkraft. Straumprisen er nokså lik som avtalen me har no, men no kan me få faktura på e-post, og slepp difor fakturagebyr. I tillegg har ikkje Fjordkraft nokre faste utgifter. Me sparar difor 88kr i mnd.

Kretsstyret ynskjer å byte til den nye straumavtalen frå Fjordkraft.

VEDTAK: Ryvarden krets byter straumleverandør til Fjordkraft og fordelsavtalen "KNIF sikret 50" som kretsen har tilgang på via Norges speiderforbund.

Eventuelt

- Kretsleir saman med Hordaland?
Endre frå Hordaland Krins har tatt kontakt med Erik, og spurde om Ryvarden er interessert i å arrangere kretsleir saman med Hordaland Krins i 2023 også. Kretsstyret er veldig positiv til det. Erik vidareformidlar dette til Endre.